



Nelly har gjort ein storinnsats med småbarnstreffa

**Det har aldri vore mindre enn 20 betalende medlemmer i løpet av eitt år på småbarnstreffet i bedehuset i Uskedalen, som 7. januar har eksistert i 10 år. Men denne hausten har det vore relativt få. Det er på onsdagar i partalsveker frå klokka 10 til 11.30 foreldre eller andre vaksne kan ta med borna på treffet. Uoppslitelege Nelly Kjærland har vore den drivande kraft i heile perioden, men også Selma Eik, Lene Taranger og Aud Isaksen Haugland er blant dei som har vore med.**

Samlingane startar med ein hobbyaktivitet og Kyrkjelydsbladet har vore med ein dag med englebesøk som tema for andakten. Dei har ein reportasje om treffet i siste nummer.

Etter hobbyinnslaget får dei små lage kvar sin engel av saueull. Det som skjer er uformelt og ungane får springa til og frå og leike. Etterpå samlast alle i madrasskroken og fiskar songar. På fiskane står ulike songar som dei syng og siste post er bibelforteljing.

Jan Ove Fagerheim er gjest denne dagen og fortel om nokon som fekk vitjing av ein engel. og til slutt er det bibelforteljing.

Treffet har samla mange både vaksne og ungr frå fleire kommuner gjennom alle dei 10 åra..

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

